

# Nemnder, blad og fond

Mykje av arbeidet i Studentmållaget har vore organisert i eigne nemnder heilt frå skipinga. To av nemndene merker seg særleg ut: Folkeskriftnemnda og Skuleboknemnda, som båe har hatt svært mykje å seia for mange nynorskbrukarar i Noreg. Fleire av nemndene har levd eit eige liv, nesten utanfor laget, men har likevel vore ein del av medlemsaktiviteten. Lista er sortert slik at dei reine nemndene kjem fyrst, deretter blad, tidsskrift og aviser laget har gjeve ut, og til slutt fond som er knytte til laget.

## **Folkeskriftnemnda**

Skipa 1902 for å gje ut skrifter som høvde til folkelesnad på landsmål. Ho var ei samarbeidsnemnd mellom Studentmållaget og Noregs Ungdomslag som oppnemnde to representantar kvar. Studentmållaget oppnemnde formannen. Fram til 1964 gav nemnda ut 96 hefte som samla, med alle opplag og utgåver, vart prenta i kring 400 000 eksemplar. Frå 1939 tok Noregs Boklag hand om serien. Fyrste formann: Idar Handagard.

## **Målførenemnda**

Skipa 1902 for å samla inn målføreprøver og gje ut utgreiingar om målføre. Nemnda skipa serien *Norske Målføre* som kom med 12 utgjevingar, dei fleste i åra 1922–1930. Frå 1919 hadde Målførenemnda òg ansvaret for arbeidet med stadnamninnsamling i Studentmållaget. Utetter i mellomkrigstida fekk nemnda avløyning av nye offentlege institusjonar, som Folkeminnesamlinga i Bergen og Norsk Målførearkiv, Norsk Stadnamnarkiv og Norsk Ordbok i Oslo. Fyrste formann: Karl Braset.

## **Skuleboknemnda**

Skipa i april 1902 for å gje ut lærebøker for den høgre skulen på landsmål, ordbøker og i periodar òg bøker for allmennmarknaden. Aktiviteten tok seg særleg opp etter ei nyskiping i 1907 og var på sitt høgste fram mot andre verdskrigen. I 1920-åra tok nemnda initiativet til bokrekkjer, som *Klassiske bokverk*, *Austerlendiske bokverk*, *Bokverk frå mellomalderen* og *Frå vitskap og samfunnsliv*. Skuleboknemnda hadde ein aktiv tidbolk med Jon Ous som formann i 1960-åra då skorten på nynorske lærebøker var ei sær brennande sak. Nemnda har vore i samanhangande drift heilt fram til i dag. Fyrste formann: John Øie.

## **Pønskarlaget**

Skipa i 1903 og sovna i 1927. Pønskarlaget var mest ein venegjeng av målstudentar som studerte filologi og kan knapt kallast ein organisasjon, men dei hadde faste samkomer og førde protokoll. Det viktigaste føremålet med kameratlaget

var eit ynske mellom nokre målstudentar om å bli betre i nynorsk fagspråk, både munnleg og skriftleg. Johan Fredrik Voss var fyrste «storpønskar».

### **Republikknemnda**

I arbeid september–november 1905 for å leia arbeidet for republikk i samband med folkerøystinga i november. Nemnda skipa ein eigen flogskriftserie som kom med to nummer hausten 1905, og ho spela ei heilt sentral rolle i den republikanske rørsla. Formann: Olav Midttun.

### **Lovnemnda**

Skipa i 1906 eller 1908 for å omsetja dansk-norske lover til landsmål. Nemnda omsette skulelovene til landsmål, men Samlaget og Nikolaus Gjelsvik tok over arbeidet etter få år. Ei ny lovnemnd kom i arbeid kring 1920 under leiing av Sigvat Heggstad, og denne nemnda omsette mellom anna grannelova og kjøpslova. Omsetjingsarbeidet vart mindre aktuelt etter 1925 då Stortinget slo fast prinsippet om at lover skal liggja føre anten på nynorsk eller bokmål, ikkje i parallellutgåver. Fyrste formann: Fredrik Voss.

### **Føredragsutvalet**

Skipa 1912 for å organisera føredragsverksemd i mållag og ungdomslag kringom i landet. Nemnda sende ut ei rad føredragshaldarar dei fyrste åra og vart oppattskipa tidleg i 1920-åra, men sovna etter få år.

### **Steinsviksteinnemnda**

Skipa hausten 1913 for å setja opp ein minnestein på grava til Rasmus Steinsvik som døydde i juni same året. Pengeinnsamlinga tok noko tid, men 17. mai 1923 vart ein 4 meter høg stein i Solør-granitt avduka på grava til Steinsvik på Vår Frelzers Gravlund i Oslo. Studentmållaget hadde i mange år faste markeringar på Steinsvik-grava kvar 17. mai. Fyrste formann: Einar Eng.

### **Folkeminnenemnda**

Skipa i oktober 1915 for å driva med folkeminneinnsamling. Fekk òg ansvaret for stadnamninnsamlinga, men gav frå seg denne arbeidsoppgåva til Målførenemnda i 1919. Nemnda sovna ein gong i 1920-åra og vart i 1927 nyskipa med folkeminnegranskarane Nils Lid og Kjell Bondevik i spissen. Oppattskipinga var ein freistnad på å byggja opp eit nettverk av interesserte studentar som kunne driva innsamling for Norsk Folkeminnesamling. Nemnda var i arbeid fram til 1941 og ser ikkje ut til å ha kome i gang att etter krigen. Fyrste formann: Johan Agerholt.

### **Bibelnemnda**

Skipa i mai 1916 for å gje ut den fyrste komplette bibelutgåva på landsmål, ei 'førebels' utgåve. Bibelen kom ut sommaren 1921 og vart prenta i eit opplag på 50 000, som vart utselt i løpet av ein tiårsperiode. Halvparten av bibelutgåva bygde på omsetjingane til Alexander Seippel. Formann: Sigvat Heggstad.

### **Flogskriftnemnda**

Skipa i 1916. Gav ut minst eitt småskrift før ho sovna ein gong før 1920.

### **Fyreritsnemnda**

Skipa 1920 for å omsetja juridiske skjema, formular og blankettar til landsmål. I byrjinga vart ho omtala som *Fyrerit- og flogskriftnemnda* og skulle då òg gje ut flogskrifter for laget. Nemnda vart lagt ned i 1923 og fekk ikkje gjort mykje. Formann: Sigvat Heggstad.

### **Akademinemnda**

Skipa i februar 1922 for å førebu skipinga av eit akademi for det nynorsk skriftmålet. Tilrådinga frå nemnda kom i november 1924 og la grunnen for Norsk Måldyrkingslag (skipa oktober 1928) Den siste tida var Knut Liestøl den sentrale drivkrafta i nemndarbeidet. Formann: Olav Almenes.

### **Rettskrivingsnemnd**

Skipa i 1936 for å granska framlegget *Tilråding til ny rettskriving* frå den statlege Rettskrivingsnemnda. Seinare leiar i Norsk språknemnd, Alf Hellevik, og seinare kyrkje- og undervisningsminister Helge Sivertsen var blant medlemene i denne nemnda. Dei konkluderte med at nynorsken skulle no verta lettare å bruka og læra, og det var greitt å byta ut nokre endingar (a- og i-former) for å koma bokmålet til møtes.

### **Statistikknemnda**

Skipa i 1948. Tanken med statistikknemnda var at ho skulle leita fram tal som synte kva opplæringsmål studentane hadde før dei kom til universitetet, og kva mål dei nytta i studiet og til eksamen. Dei la fram den fyrste meldinga si på halvårsmøtet i 1949, der dei hadde gjort to teljingar: Akademiske borgarbrev hausten 1948, som synte at snaut 10 prosent av 1242 studentar kravde borgarbrev på nynorsk, og ei oppteljing som synte at 17 prosent nytta nynorsk ved førebuande prøve i filosofi hausten 1948. Steinar Brautaset var fyrste formann.

### **Terminologinemnda for jus**

Det vart skipa fleire terminologinemnder i byrjinga av 1950-åra som fekk ansvar for å lage ordbøker og skape ny nynorsk terminologi på ulike fagom-

råde. Terminologinemnda for jus kom truleg lengst i arbeidet sitt. I 1956 gav nemnda ut juridiske oppgåveløysingar med nynorsk råd og rettleiing saman med Skuleboknemnda og det nyskipa Juristmållaget.

### **Nemnd for normaltalemål**

Skipa i 1960 i samband med det godt gjesta kurset i nynorsk normaltalemål i 1960-61.

### **Teaternemnda**

Nemnda sytte for eit tett og godt samarbeid mellom Studentmållaget og Det Norske Teatret både når det galdt billett kjøp, omtale av teaterstykkje, felles tilskipingar o.l. Nemnda var stort sett aktiv i heile 60-åra, men særleg i fyrste delen.

### **Kulturnemnda**

Nemnda tok seg av kulturkveldane i Studentmållaget, men fekk òg i stand tilskipingar og turnear med forfattarar, visesongarar og musikarar kring heile landet. Nemnda var svært aktiv utetter på heile 60-talet. Også jubileumsfestane (t.d. i 1965 og 1970) tok denne nemnda seg av.

### **Målreising 67**

Nemnd som skulle vurdera Berge Furres landsmøteforedrag om målsaka og framtidssamfunnet i 1965. Nemnda med Ola Bredeveien som leiar var i arbeid i 1965-66 og kom med ei fylldig fråsegn som peika fram mot det nye målpolitiske programmet *Målreising 67*.

### **Nemnd til å vurdera Vogt-tilrådinga**

Denne nemnda vart skipa i 1966 med Erling Lægreid til formann og gjekk igjennom tilrådinga frå Vogt-nemnda og kom med ei fylldig fråsegn som Studentmållaget vedtok på eit medlemsmøte og sende til Kyrkje- og undervisningsdepartementet hausten 1966.

### **Tilskipingsnemnd for ECOLM-konferansen i 1967**

Denne nemnda med Rolf Hanoa til leiar var i sving i 1966-67 og stod for program og gjennomføring av den fyrste norske konferansen om språklege minoritetar i Europa.

### **Aksjonsnemnd for distriktshøgskulane**

Nemnda vart skipa i 1968 med eit eige arbeidsutval og arbeidde fram til 1972 då det nye skuleslaget var endeleg etablert og lokaliseringa av skulane var avgjort. Rolf Sagen var drivkrafta i Aksjonsnemnda.

### **Landsdelsnemnder**

Det vart skipa om lag sju-åtte nemnder i 1970 for å føra den distriktpolitiske debatten og EEC-striden vidare. Såleis greidde ein å byggja ei viktig politisk bru mellom studentmiljøa i Oslo og vanlege folk ute i distrikta og danna ein sterk tverrpolitisk front. Desse nemndene vart etter kvart oppløyste i 1973-74.

### **Skriftnemnda**

Nemnda vart sett ned i 1970-71 for å leggja opp planane for skriftserien til Studentmållet. Det galdt både lagsbladet *Apropos/Fram* og den nye tidsskriftet *Mål og Makt* (1972). Seinare overtok eigne redaksjonar arbeidet med dei ulike publikasjonane. Målpolitiske bøker, som det var mange av i desse åra, var meir eit samarbeid mellom forlag (særleg Samlaget, Universitetsforlaget, Pax og Novus forlag) og einskildpersonar.

### **Songboknemnda**

Nemnda kom til i samband med EEC-striden i 1972 og ho fekk gjeve ut den sær omtykte og omstridde songboka *Syng* i 1977. Ei auka og omarbeidd utgåve med tittelen *Syng meir* kom i 1982 med Alv Reidar Dale som redaktør.

### **Målkoret**

Koret kom i sving i 1973 med Jan Olav Fretland som dirigent og inspirator. Koret hadde opptil 20 medlemmer og fungerte fram til og med 1975.

### **Dialektnemnda**

Nemnda vart til under den fyrste dialektaksjonen i 1975. Nemnda var i sving heilt fram til 1982, og stod for det målpolitiske innhaldet og organisasjonsopp-  
legget for dialektaksjonane i Oslo-området. Roar Ovstein var den fyrste leiaren i denne nemnda.

### **Skulemålsnemnda for Austlandet**

Sentral nemnd som Noregs Mållag sette ned i 1977. Studentmållet i Oslo var fast representert i denne nemnda. Arbeidet åt Skulemålsnemnda gjekk fram til 1980-81 då heile skulemålsarbeidet vart samla i Bergen att.

### **Sogenemnda**

Skipa hausten 1997 for å gje ut hundreårssoga til Studentmållet. Nemnda hadde ansvaret for alt praktisk arbeid kring soga; økonomi, finna forfattarar, kontakt med Samlaget med meir. Nemnda arbeidde svært desentralisert i periodar, av di nemndsmedlemene flytte frå Oslo. Guri Skeie, Vidar Lund og Erik Bolstad har vore leiarar i nemnda.

### **Målrrettferdsnemnda**

Nemnda vart skipa på slutten av 1990-åra for å hjelpa nynorskstudentar ved universitetet med å få gjennom målkraft. Håvard B. Øvregård var fyrste leiar.

### **Skrivegruppa**

Skipa i 2001 for å gjera medlemene i laget flinkare til å skriva politiske tekstar og bli meir aktive i samfunnsdebatten. Gruppa har nytta fleire kjende norske forfattarar og journalistar til å gje tips og råd om skriving. Gruppa har vore laust organisert; det har vore om lag tre møte kvart semester frå 2001, med 5-120 deltakarar. Gruppa eksisterer framleis.

### **Nemnda for Nynorsk fagbokpris**

Nemnda vart skipa av Skuleboknemnda og Det Norske Samlaget i 2002. Føremålet med nemnda er å dela ut Nynorsk fagbokpris minst annakvart år. Nemnda er på fire personar, to kvar frå Skuleboknemnda og Samlaget. Skuleboknemnda oppnemner leiar.

## **Blad**

Studentmållet har gjeve ut fleire blad og tidsskrift gjennom tidene. Namna på tidsskrifta har ofte blitt nytta om att.

### ***Heidrun***

*Heidrun* var namnet på det handskrive bladet til Studentmållet den fyrste tida etter skipinga. *Heidrun* var nemnt i lovene, og det skulle vera «blad» på kvart møte. Det fyrste nummeret er dagsett til 28. november 1900. Fram til 1907 vart bladet skriva på lausark som seinare vart bundne inn, frå 1908 byrja ein skriva bladet rett inn i protokollboka. Dei siste nummera som finst i dag er frå åra 1917-19, likevel har møtereferata utover 1920-åra jamlege spor av både opplesing og bladstyrarval. Det siste *Heidrun*-nummeret vart opplese på eit møte våren 1926. Fredrik Wexelsen og Olav Heldal var dei fyrste bladstyrarane.

### ***Heimsyn***

Hausten 1906 fekk Studentmållet tilbod om å sleppa til med ein studentmål-lagsteig ein gong i veka i avisa *Den 17de Mai*, og den 10. januar 1907 stod fyrste nummeret av *Heimsyn*. *Studentmållet sin bladbol*k på prent i avisa. *Heimsyn* var eit heilt anna blad enn *Heidrun*, med eit langt vidare og meir internasjonalt perspektiv. Spalta i *Den 17de Mai* var svært ujamn, og teigen er til og frå i spaltene i 1907, 1912-1916 og 1920-1928. Ei tid var ein òg inne på tanken om å gjera om *Heimsyn* til eit eige tidsskrift, men det vart ikkje noko meir ut av planane. Fyrste bladstyrar var Johan Fredrik Voss.

***Fram 1***

Den fyrste utgåva av *Fram* kom ut i september 1923, og bladet kom ut fram til 1929 med 2–4 vekers mellomrom, bortsett frå feriane. I april 1926 vart L/L Fram skipa, hovudsakleg med målstudentar som luteigarar, for å ta over utgjevinga av *Fram*. Etter dette var det årsmøtet i lutlaget og ikkje årsmøtet i Studentmållaget som oppnemnde bladstyre. Fyrste bladstyrar var Olav Dalgard.

***Mål og Makt 1***

Fyrste nummeret av tidsskriftet *Mål og Makt* kom i september 1934 med Tønnes Sirevåg til redaktør og Einar Karstad til redaksjonssekretær. Bladet skulle vera eit organ til å drøfta målteoretiske spørsmål og på same tid vera talsmann for målstudentane ved universitetet. Bladet fekk på mange vis eit radikalt tilsnitt: I spaltene var det både utgreingar om den spanske borgarkrigen, om sovjetisk litteratur og om målpolitikken i Sovjet-samveldet. Hausten 1935 vedtok Studentmållaget å leggja ned tidsskriftet på grunn av dårleg økonomi.

***Bondestudenten***

I 1938 gav Studentmållaget ut den fyrste utgåva av avisa *Bondestudenten*, inspirert av boka *Bondestudentar* av Arne Garborg. Bladet hadde som føremål å fremja dei sosiale krava åt studentane frå utkant-Noreg. Bladet kom berre med to nummer; det fyrste med «Reis eit nynorsk universitet – lat arbeidar- og bondekulturen få rom og vokstervilkår!» i store bokstavar på framsida. Det andre nummeret tok føre seg samansetnaden av studentmassen ved universitetet og mishøvet mellom den sosiale tilhøyrsla til studentane og folket sett under eitt.

***Målfronten***

I 1949 freista nokre medlemer seg med eit handskrive blad kalla *Målfronten*, men eit slikt tiltak var ikkje liv laga på denne tida, og bladet sovna raskt inn att.

***Apropos***

Det fyrste nummeret av *Apropos* kom ut i 1959, med 19 år gamle Erling Læg Reid som bladstyrar. *Apropos* vart lenge høgt prioritert i laget, og det voks fram til å bli eit veldrive blad som viste att i studentmiljøet. Avisa var ein god skule for komande nynorske bladfykar, og jubileumssamlinga i 1969 for alle redaktørane av *Apropos* gav startskotet til den såkalla Redaktørforeininga av 1969. Frå 1962 samarbeidde Noregs student- og elevmållag med Studentmållaget om utgjevinga, og avisa vart eit samlande organ for heile mål ungdomsrørsla. I 1970 vart det vedteke å styrkja publikasjonsverksemda i laget, og ein sette ned ei eiga skriftnemnd. Eit resultat av denne nemnda var at *Apropos* vart omdøyppt til *Fram* i 1973.

### ***Mål og Makt II (Sentrum og Periferi)***

*Sentrum og Periferi* vart gjeve ut fyrste gong i 1971 og skulle vera eit målpolitisk tidsskrift i motsetnad til lagsavisa *Fram* og avisa til Norsk Målungdom, *Målfront*. Namnet vart valt i tråd med kampen mot sentraliseringa, men skifta året etter namn til *Mål og Makt*, eit blad som òg vart gjeve ut på 1930-talet. Det var ikkje planen at dette skulle verta eit periodisk måltidsskrift, men etter kvart gjekk det slik, sidan interessa for tiltaket var stor. Tidsskriftet kom ut fire gonger i året med eit samla opplag på 1500 og hadde sitt eige skriftstyre. Mållag og ungdomslag over heile landet kjøpte samla inn 7-800 eksemplar av kvart nummer og tingartalet auka til eit brukande nivå. *Mål og Makt* heldt det gåande utover 1980- og 90-talet, med store endringar i redaksjonen og innhaldet fyrst i 1990 og så i 1998 og 2003. Fram til 1998 var bladet fyrst og fremst eit målteoretisk tidsskrift, men etter det store hamskiftet liknar bladet no meir på 30-talsbladet med same namn.

### ***Fram II***

Lagsavisa *Apropos* vart døypt om til *Fram* i 1973. Den nye lagsavisa hadde jamt over eit opplag på 3-5 000 og vart delt ut fritt fem gonger i året ved alle høgare lærestader i Oslo. Etter at Norsk Målungdom frå 1973 hadde fått si eiga avis, *Målfront*, vart *Fram* meir lagsblad for målstudentane i Oslo, slik *Apropos* hadde vore vel 10 år før. Utover 80-talet kom *Fram* med fire til seks nummer i året, og vart ein viktig politisk arnested for den såkalla «folkemålslina» i laget. Bladet gjekk truleg inn i 1986.

### ***Fram III***

Lagsavisa *Fram* vart skipa opp att i 1994 i samband med EF-striden. Bak skipinga låg tankar om at målrørsla, ulikt andre nei-organisasjonar, hadde ein politikk som sette nasjonal sjølvråderett i høgsetet og tok det nasjonale på alvor. Bladet kom med fem nummer i 1994, og tok inn artiklar av namngjetne nei-politikarar som Anne Enger Lahnstein, Kjell Magne Bondevik, Harald Synnes, Erling Folkvord og Hallvard Bakke. Bladet hadde knapt stoff om målsak, og var i praksis eit Nei-tidsskrift redigert på nynorsk og med «nasjonal» grunnhaldning. Dag Hagen Berg var bladstyrar.

## **Fond**

Studentmållaget har skipa fleire fond gjennom tidene. Her er eit oversyn over dei fonda som finst i dag. I tillegg finst det spor etter fleire andre fond; mellom anna Olavsfondet (konto frå 1935, var på 3830 kr i 1962) og Byråsjef Einar Blix' fond til fremjing av nynorsken (konto frå 1946, var på 1320 kr i 1962 og gjekk seinare inn i Fivefondet).

### **Fivefondet**

Fivefondet vart skipa våren 1916 med ein midel på 2000 kr som «skyttargeneralen» Ole Five hadde samla inn til Studentmållaget, stadfesta av Sosialdepartementet i 1917. Fondet er seinare auka med nye gåver. Rentene blir nytta til å gje ut populærvitskaplege skrifter på norsk mål, særleg om utanlandske bokverk. I dei seinare åra har fondet òg gjeve tilskot til skriving av hovudfagsoppgåver o.l. I 1998 var fondet på 119 540 kr.

### **Husfondet**

Skipa i 1917 av medlemspengar frå livsvarige lagsfolk. Etter det vi kjenner til har det vore lite aktivitet i fondet, og Studentmållaget har framleis ikkje eige hus! I 1955 var fondet på 4990 kr, i 1997 på 41 177 kr.

### **Driftsfondet åt Studentmållaget**

Driftsfondet vart skipa på 80-talet etter at Oslo kommune endra stønadsreglane og stengde ute studentorganisasjonar. Etter ei stor innsamling mellom målfolk vart den fyrste grunnstolen i fondet på over 200.000 kr. Avkastninga kan overførast til drifta åt Studentmållaget. Laget har greidd seg utan overføringa i mange år og avkastninga har difor gått inn i grunnstolen. I 2000 var fondet på 274 794 kr.

# Norske Folkeskrifter

*Norske Folkeskrifter* var ein serie folkeopplysningskrifter som vart gjevne ut av Studentmållaget og Noregs Ungdomslag i perioden 1902-1963. Hefta var sær s varierte, og tok opp emne som målsak, folkehelse, betre landbruk, utanrikspoliti- tikk, musikk og matlaging. Mange av hefta kom ut i mange opplag, og til saman vart opplaget truleg på om lag 400 000 eksemplar. Les meir om folkeskriftene på side 40.

1. Handagard, Idar: *Krægda*. 7 s. 1902
2. Garborg, Arne: *Ivar Aasen*. 28 s. 1902. // 2. oppl. 23 s. 1903. // 4. oppl. 1923
3. Hanssen, Eugéne: *Livskaar og arbeidskaar for bondeungdommen*. 32 s. 1902.
4. *Gamalnorske eventyr um Oden og Tor*. Fortalde paa nynorsk ved Halvdan Koht. 47 s. 1902.
5. Gjære, Tore: *Naar det vert lite høy*. 20 s. 1903(?). // 2. oppl. 1904. // 3. oppl. 1909.
6. Moe, Moltke: *Sophus Bugge og mytegranskingarne hans*. 24 s. 1903.
7. Ødegaard, N.: *Mjolk og smør*. 26 s. 1903. // 2. oppl. 24 s. 1904.
8. Garborg, Hulda: *Norske folkevisor. Med ei utgreiding um vise-dansen*. I. 48 s. 1903. // 2. oppl. 1903. // 3. oppl. 1904. // 4. oppl. 1905. // 6. oppl. 1910. // 7. oppl. 1912. // Ny utg. 46 s. 1917.
9. Bjarni Jónsson: *Bokavlen paa Island i vaare dagar*. 16 s. 1903.
10. Key, Ellen: *Gjer heimen din fager! Fritt umsett fraa svensk ved Karen Grude Koht*. 23 s. 1903. // 2. oppl. 1904. // 3. oppl. 1923.
11. *Kongeriket Norigs grunnlov*. Gjevi Riksmøtet paa Eidsvoll den 17de mai 1814 ... med seinare brigde og tillegg til 17de/25de april 1903 / (umsett paa nynorsk etter vedtak av Justitsdepartementet). 48 s. 1903. // 2. oppl. 1905.
12. Koren, Frimann: *Alkoholen og Helsa (serleg fyr Ungdommen og Læraranne i Folkeskulen)*. 31 s. 1903. // 3. oppl. 1904.
13. Garborg, Hulda: *Norsk klædebunad (fraa ymse bygdir)*. 1903. // 2. oppl. 1905.
14. Ashamar, J.O.: *Bætre og bær dyrking*. 16 s. 1906(?). // 2. oppl. 1906.
15. Vik, Oddmund: *Ole Bull*. 38 s. 1904.
16. Kinsarvik, Lars og Koht, Halvdan: *Gamall norsk prydkunst*. 29 s. 1904. // 2. oppl. 31 s. 1907
17. Nesheim, Ivar: *Um gjødsel*. 61 s. 1904. // 2. oppl. 1905.
18. *Ungdommen og skogen*. 31 s. 1904(?). // 3. utg. 1926.
19. *Norske folkevisor*. II. 47 s. 1904. // 2. oppl. 1908. // 3. oppl. 1912. // 4. oppl. 1917.
20. Berner, Hagbard Emanuel: *Livskaar i Norig*. 61 s. 1904.

21. Eskeland, Lars: *Norsk salmesong. Elias Blix.* 46 s. 1904. // 2. oppl. 1905.
22. Hægstad, Marius: *Norsk maalsoga for skule og heim.* 47 s. 1904. // 2. oppl. 48 s. 1907. // 3. oppl. 1916. // 4. oppl. 51 s. 1924.
23. Svinndal, Ola: *Hønestell.* 24 s. 1905. // 2. oppl. 27 s. 1906. // 3. oppl. 45 s. 1924.
24. Hovden, Anders: *Per Sivle. Ei livs-sogu.* 56 s. 1905. // 2. oppl. 1914. // 3. oppl. 1924. // 5. oppl. 53 s. Noregs Boklag. 1944.
25. Müller, F. Max: *Ein øysterlendsk religionslærer i vaare dagar. Ved Kristofer Janson.* 1905.
26. Five, Ingebr.: *Um mjølking. Med dei nye handgripi paa juret.* 28 s. 1905.
27. Givskov, Erik: *Eit 4000-års rike. Paa norsk ved Arne Garborg.* 38 s. 1905.
28. Vislie, Vetle: *Aasmund Vinje.* 48 s. 1906. // 2. oppl. 1920.
29. Aubert, Andreas: *Farge og norsk folke-kunst.* 23 s. 1906.
30. Voss, Fredrik: *Trygding mot arbeidsløysa.* 16 s. 1906.
31. Ikkje utgjeven
32. Moren, Sven: *Kunst og arbeid i heimen.* 16 s. 1906.
33. Kongeriket Norigs grunnlov og Lov um manntal og Stortingsval. 56 s. 1906.
34. Gjelsvik, Nikolaus: *Fred og forsvar.* 19 s. 1906. // 2. oppl.(?) 19 s. 1907.
35. Garborg, Hulda: *Matstell paa landsbygdi.* 38 s. 1907.
36. Lønning, Mikkjell: *Mynsterjordbruk i Danmark.* 31 s. 1907.
37. Haug, Lauritz: *Pass paa tennerne dine!* 16 s. 1907.
38. Gjelsvik, Nikolaus: *Det fredlyste beltet millom Norig og Sverik.* 32 s. 1907.
39. *Fraa Færøyarne.* Færøysk tekst av Jóannes Patursson og norsk umsetjing av Leiv Heggstad. 60 s. 1907. // 2. utg. 1925.
40. Anker, B. Th.: *Den norske folkekyrkja.* Ungdoms-foredrag. 30 s. 1907.
41. Bjørnaraa, Torgeir: *Soga um ljonkrafti.* 46 s. 1908.
42. Gjelsvik, Nikolaus: *Nationalt sjølvstende og millomfolkelegt samarbeid.* 32 s. 1907.
43. Koht, Karen Grude: *Kvinnearbeid.* 40 s. 1908.
44. Olsen, H. Norby: *Um engdyrking.* 42 s. 1908.
45. Kongeriket Norigs grunnlov, soleis som ho lyder etter dei siste brigde (19. august 1908). 24 s. 1908.
46. Gran, Gerhard: *Johan Sebastian Welhaven.* 36 s. 1909. // 2. utg. 32 s. 1922.
47. Hansen, G. Armauer: *Utviklingslæra eller Darwinismen.* 24 s. 1909. // 2. utg. 22 s. 1923.
48. Bjørnaraa, Torgeir: *Soga um Darwin.* 16 s. 1909.
49. Gjelsvik, Nikolaus: 1814 og 1905. *Serleg frå ein folkerettsleg synsstad.* // 2. umarbeidde utg. 47 s. 1923.
50. Lange, Chr. L.: *Rett og fred millom folki. Utgreiding um dei nyaste avtalorne.* 37 s. 1909.

51. Nesheim, Ivar: *Heimeavla før*. 31 s. 1910.
52. Eskeland, Severin: *Rasmus Løland*. 79 s. 1910.
53. Garborg, Hulda: *Rousseau*. 47 s. 1910.
54. Eggen, Erik: *Edvard Grieg*. 55 s. 1911. // 2. utg. 48 s. 1925.
55. Einbu, Sigurd: *Stjernergransking i gamall og ny tid*. 67 s. 1911.
56. Garborg, Arne: *Leo Tolstoi*. 31 s. 1911. // 2. oppl. 1924.
57. Lov um folkeskulen paa landet fraa 26. juni 1889 med seinare brigde til og med lov fraa 2. juli 1910. 32 s. 1911.
58. Sveen, Reidar: *Petter Dass og diktningi hans*. 38 s. 1912.
59. Lofthus, Joh.L.: *Svinet*. 39 s. 1912.
60. Koht, Halvdan: *Arbeidar-rørsla av 1848 i Noreg*. 56 s. 1914.
61. Stauri, Rasmus: *Grundtvig*. 40 s. 2. oppl. 1925.
62. Liestøl, Knut: *Norsk folkediktning*. 56 s. 1914. // 3. utg. 55 s. 1937.
63. Kolsrud, Oluf: *Olavskyrkja i Trondheim*. 132 s. 1914.
64. Vik, Knut: *Korndyrking*. 1915.
65. Sverdrup, Jakob: *Maal og maalskyldskap*. 65 s. 1916.
66. Anker, B. Th.: *Martin Luther*. 45 s. 1917.
67. Vik, Oddmund: *Elektrisitet i bygdene. Eller arbeidseventyret heime*. 46 s. 1920.
68. *Norske folkevisor*. III. 48 s. 1920.
69. Eggen, Erik: *Norsk musikksoge*. 62 s. 1923.
70. Fridrichsen, Anton: *Kyrkjestrident og folkekyrkja*. 48 s. 1925.
71. Østberg, Kristian: *Dugnad*. 32 s. 1926.
72. Bjørgsvik, Sigurd: *Sansane våre*. 29 s. 1926.
73. Herford, C.H.: *Shakespeare*. 64 s. 1926.
74. Skavlan, Gunnar: *Jarnvegssoga*. 62 s. 1926.
75. Skard, Eiliv: *Sokrates*. 64 s. 1927.
76. Skard, Eiliv: *Fascismen. Marsen mot Rom*. 47 s. 1927.
77. Eskeland, Sigurd: *Rettleiding i amatørfotofering*. 79 s. 1930.
78. Vik, Knut: *Potedyrking*. 61 s. 1930.
79. Krokann, Inge: *Olav Aukrust*. 102 s. 1933. // 2. utg. 100 s. Noregs Boklag 1944.
80. Kåsa, Johannes: *Stell godt med skogen!* 55 s. 1934.
81. Bergsgård, Arne: *Demokrati og diktatur*. 46 s. 1934. // 3. oppl. 63 s. Noregs Boklag 1940. // 4. oppl. 67 s. Noregs Boklag 1946.
82. Bergsgård, Arne: *Styringa i bygder og byar før formannskapslovene*. 47 s. 1937.
83. Leira, Håkon Lasse og Moren, Sigmund: *Ungdomen og helsa*. 56 s. Noregs Boklag 1939.
84. Dale, Johs. A.: *Finnland*. 63 s. Noregs Boklag 1940.
85. Thesen, Rolv: *Arne Garborg og det norske folket*. 64 s. Noregs Boklag 1940. // 2. utg. 63 s. Noregs Boklag 1944.
86. Øverås, Eirik: *Snorre Sturlason*. 59 s. Noregs Boklag 1941.
87. Tranøy, B.S.: *Industrireisinga i Noreg*. 74 s. Noregs Boklag 1943.
88. Thesen, Rolv: *Olav Duun*. 84 s. Noregs Boklag 1946.

89. Sælid, Kristoffer: *Frilyndt ungdomsarbeid i 75 år*. 72 s. Noregs Boklag 1946.
90. Tranøy, B.S.: *Torskefisket og ymse andre sjøfiske*. 64 s. Noregs Boklag 1948.
91. Dalgard, Olav: *Det norske teatret*. 79 s. Noregs Boklag 1953.
92. Tranøy, B.S.: *Sildefisket*. 60 s. Noregs Boklag 1953.
93. Midttun, Olav: *Norske folkeviser i leik og dans. Opphav og vokster*. 64 s. Noregs Boklag 1958. // 2. utg. Noregs Boklag 1969. // 2. oppl. 1974.
94. Seland, Ingvar: *Bibel og kristendom*. 36 s. Noregs Boklag 1959.
95. Liestøl, Knut: *Ivar Aasen*. 67 s. Noregs Boklag 1963.